

# Institutt for framandspråk

## Strategi 2012–2015

vedteken av instituttrådet 16. mai 2012

### Innleiing

Dette strategidokumentet er forankra i Det humanistiske fakultet sin strategi for 2011–2015, og i Universitetet i Bergen sin strategi for 2011–2015. UiB er eit breiddeuniversitet og eit internasjonalt forskingsuniversitet. Dokumentet framhevar dei utfordringane IF har for å halde fram med å styrkje forskinga og utdanninga ved Instituttet.

Våren 2012 er det 83 tilsette ved IF, fordelt mellom 54 fast vitenskapleg tilsette, 22 PhD-stipendiatar og 11 fast administrativt tilsette. I tillegg kjem mellombels tilsette som ikkje er stipendiatar: forskarar, timelærarar og vikarar. IF har i 2012 4 kvotestipendiatar.

Dei vitenskapleg tilsette er knytte til følgjande fag: arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk, russisk og spansk språk og latinamerikastudium og tysk. Instituttet tilbyr òg innføringskurs i mandarin med undervisarar frå Bergen Konfutse Institutt. IF har om lag 1000 studentar og tilbyr 9 bachelorprogram, 9 masterprogram og 4 årseiningar (årsstudium).

IF sin strategiske plan for 2012–2015 har som hovudmål å styrkje forskinga, formidlinga og studietilboda ved Instituttet samt å fremje likestilling og godt arbeidsmiljø for tilsette og studentar. Forskinga er fundamentet for verksemda ved Universitetet i Bergen. Utdanninga skal vere basert på forskning og høg fagleg kompetanse. I tråd med universitets- og fakultetsstrategien skal kvalitet vere rettesnora for all verksemd ved IF.

IF skal gi eit godt fagleg grunnlag både til kandidatar som ønskjer å halde fram med forskning og kandidatar som søker seg ut mot arbeidslivet elles. IF skal stimulere fleire studentar til å ta utdanning på masternivå, særleg på fag med få master- og PhD-kandidatar. Vi skal fremje kvalitet, etisk dømmekraft og integritet gjennom forskning og undervisning.

Primærverksemda ved IF femner om forskning, undervisning og formidling i framande språk, litteratur, filologi, kulturkunnskap og fagdidaktikk. Faga våre skal utvikle studentane si evne til å forstå, stille spørsmål ved og vurdere kritisk det kunnskaps- og verdimangfaldet dei vert konfronterte med i dagens globaliserte verd. Humaniora handlar i brei forstand om kva det vil seie å vere menneske – om danning, identitet, historisk arv, språk, kulturutvikling og verdigrunnlag. Humanistisk kompetanse er nødvendig for å svare på sentrale samfunnsutfordringar. Ei viktig oppgåve for IF i dette biletet framover vert å synleggjere humaniora sin samfunnsverdi.

IF sitt strategidokument skal fungere som ein styringsreiskap og vil verte følgd opp i møte med fagmiljøa og i medarbeidarsamtalar.

## Primærverksemda

### Forsking

Forskinga på IF har stor fagleg breidd med omsyn til tema og disiplin. Forskinga er fordelt på fire ulike disiplinane og åtte språk. Fleire av instituttet sine forskargrupper og prosjekt går på tvers av språka og disiplinane. Forskinga og publiseringa ved instituttet er svært internasjonal, og femner om mange språk og kulturar. Den vide internasjonale kompetansen er ei av IF sine sterkaste sider. Dei aller fleste av forskarane er medlemar av ei forskargruppe, med i eit forskarnettverk eller deltek i eit prosjekt.

### Hovudmål

IF skal oppretthalde breidda og styrkje kvaliteten i forskingsmiljøa for at forskinga skal halde ein høg internasjonal standard og vere meir synleg nasjonalt. Instituttet vil halde fram arbeidet med å styrkje og støtte forskargruppene på instituttet i tråd med Det humanistiske fakultet sin strategi 2012–2015. Men også i framtida må den gode, individuelt baserte forskinga sikrast gode kår, noko som òg er framheva i Fakultetet sin strategi. Det skal vernast om tida som er fastsatt til forsking.

For å nå dette hovudmålet vil IF:

*Hjelp forskarar og forskargrupper og fagmiljø til å nå eit høgt internasjonalt nivå.*

- styrkje forskargruppene og arbeide for gode kollegiale miljø prega av fagleg kvalitet og gjensidig støtte
- gjere dei vitskapleg tilsette medvitne om kor viktig det er at alle utfører poengteljande forskning innanfor ramma av forskingstida og stimulere til publisering i renommerte internasjonale publiseringsskanalar
- leggje til rette for gjesteforskarar og gjesteforelesarar på instituttet
- analysere og rå bot på problem for enkeltforskarar og miljø som publiserer lite.
- stimulere til deltaking i internasjonale og nasjonale fora og nettverk for forsking.
- leggje til rette for tverrfagleg forsking både internt på instituttet og på tvers av institutt- og institusjonsgrensar
- oppmuntre til eit tett band mellom rettleiing og forsking

*Sikre meir tid til forsking*

- sørge for at arbeidstidsrekneskapen gir eit realistisk bilete av arbeidsoppgåvene og bruke han til å sikre retten og plikta til forskingstid
- arbeide bevisst og planmessig for at arbeidstidsrekneskapen til dei einskilde vitskapleg tilsette kjem i balanse
- hyre inn vikarar ved store plusstal i arbeidstidsrekneskapen
- arbeide på individplan for tiltak for å sikre samanhengande forskingstid

- vurdere om faga ved instituttet kan ha meir undervisningssamarbeid, særleg på masternivå
- skjerme ordninga med forskingspermisjon og følgje opp resultata frå permisjonane
- arbeide for å tilsetje universitetslektorar i fast stilling som kan ta seg av visse typar elementærundervisning
- gjere dei vitskapleg tilsette medvitne om at å friggjere tid til forskning ikkje berre er eit leiaransvar, men òg eit personleg ansvar

### *Auke den eksternfinansierte prosjektporteføljen*

Leiinga ved IF har som mål å få forskarane ved instituttet til å søkje eksterne finansieringskjelder om støtte til større prosjekt. For å få dette til trengst det ein systematisk innsats for å vidareutvikle samarbeids- og informasjonsrutinar mellom institutt og fakultet og mellom institutt/fakultet og UiB si forskingsavdeling.

### *Styrkje forskarutdanninga*

IF har dei siste åra merkt seg ut ved å ha mange disputasar. Dette er svært positivt og vitnar om ein god rekrutteringsprosess og ei god oppfølging av stipendiatane. Det er eit mål å styrkje forskarutdanninga ved instituttet og å sørgje for at stipendiatane vert sterkare integrert i dei lokale forskarmiljøa. Instituttet sine rettleiarar skal bidra til at stipendiatane får faglege internasjonale nettverk. Det er FFU si oppgåve å fungere som eit kontrollorgan med omsyn til kvaliteten på PhD-utdanninga ved Instituttet.

IF vil:

- arbeide for å sikre god kvalitet på rettleiinga
- støtta forskarskulane der dei er prioriterte av fagmiljøa
- integrere stipendiatane tettare i instituttet sine forskargrupper og forskarmiljø
- rettleie stipendiatane om publiseringsstrategi
- verne forskingstida til stipendiatane

## **Utdanning**

### **Hovudmål**

Instituttet skal tilby utdanning i framande språk, litteraturar, kulturar og fagdidaktikk som tek vare på dei humanistiske faga sine særdrag, og medverke til å auka studentane si evne til forståing, toleranse, sjølvstende og kritisk tenking. Gjennom dette skal dei ferdig utdanna kandidatane stå sterkt rusta både for arbeidslivet og vidare fagleg fordjuping. Vi ser det som ei utfordring at studenttalet ved IF har gått ned dei siste åra, samstundes som den kompetansen vi tilbyr, vert stadig meir viktig i ei globalisert verd. IF vil prioritere arbeidet

med å rekruttere studentar til framandspråk og samstundes synleggjere studentane sin kompetanse og moglege yrkesvegar. I denne samanhengen er det òg viktig å synleggjere den faglege breidda ved instituttet.

For å nå dette hovudmålet set IF seg følgjande delmål:

#### *Forskningsbasert undervisning*

IF skal medverke til å auke kompetansen til studentane gjennom forskningsbasert undervisning ved å leggje til rette for at studentane kan tileigne seg kunnskapar, dugleikar, generell kompetanse i framande språk, litteraturar og kulturar. Vi skal la studentane bli kjent med og forstå vitskapleg tenkjemåte gjennom kontakt med aktive forskarar i undervisninga på alle nivå. Studentane skal få utvikle si evne til å nytte fagleg kunnskap og innsikt sjølvstendig og kritisk. Vi skal vidare fremje etisk dømmekraft og integritet gjennom forskning og undervisning.

#### *Læringsvilkår, undervisningsorganisering og dimensjonering*

IF skal arbeide for betre læringsvilkår, undervisningsorganisering og formålstenleg dimensjonering av studietilbodet ved å sørge for at dei store faga held fram med å vere sterke og styrkje dei små og utsette faga ved t.d. å jobbe for ein revisjon av fakultetet sin bemanningsplan. Vi skal arbeide for å styrkje bachelor- og mastergraden sin profil (gjennom t.d. markering ved fullført grad). Instituttet skal leggje til rette for vidareutvikling av den pedagogiske kompetansen til fast tilsette lærarar og for bruk av IKT-basert undervisning der dette er formålstenleg.

Vi vil òg arbeide for å skape eit godt læringsmiljø for studentane og stimulere til betre kontakt mellom vitskapleg tilsette, administrasjon og studentar. Instituttet vil sørge for at studentane får tydeleg og relevant informasjon om alle delar av studiet og for at dei får god rettleiing under studia. Vi vil, så langt det er mogleg og rimeleg, leggje til rette for studentar med funksjonsnedsetjing eller særskilde behov.

IF vil:

- styrkje rekrutteringa til masterstudia ved Instituttet
- styrkje og utvide tilbodet på masternivå der ressursituasjonen gjer dette mogleg
- få spansk inn i den integrerte lektorutdanninga
- sørge for at læringsutbyttet og undervisningsformene slik dei er skildra i studieplanar og emneomtaler, er rettleiande for val av undervisningsformer.
- delta i arbeidet med implementering av ny nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning
- opprette innføringsemne i første semester i alle språkfaga som ønskjer det
- arbeide for innføring av introduksjonsemne i framandspråka som ønskjer det

#### *Rekruttering, yrkesvegar og alumnus*

IF skal òg arbeide for betre rekruttering til framandspråka, synleggjere moglege yrkesveggar og betre kontakten med tidlegare studentar ved å:

- synleggjere den faglege breidda ved instituttet med tanke på rekruttering av nye studentar (frå HF og utanfor HF).
- styrkje samarbeidet med Bergen kommune og NHO om fagdagan Ka vil DU bli?
- betre kontakten med den vidaregåande skulen, t.d. i form av opne dagar på instituttet og deltaking på Den europeiske språkdagen
- samarbeide med Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa
- arrangere karrieredagar med fokus på yrkesveggar og bruke tidlegare studentar som føredragshaldarar
- kartleggje kva studentane gjer etter avslutta utdanning, og bruke opplysningar om dette i rekrutteringssamanheng
- styrkje alumnusarbeidet

### *Etter- og vidareutdanning*

IF skal oppretthalde det noverande tilbodet innanfor etter- og vidareutdanning. Vidare vil ein oppmuntre dei tilsette til å delta på fagleg-pedagogisk dag.

### *Evaluering*

IF skal evaluere eigne målsetjingar og undervisningstilbod ved å utarbeide opplegg for jamleg emneevaluering, gjerne kvar gong det blir tilbode, og følgje opp indikasjonar på dårleg studiekvalitet. Instituttet skal òg bruke programsensorane for å få ei fullstendig vurdering av faget/studieprogramma innanfor ein fireårsperiode og utvikle rutinar for oppfølging av programsensorrapportar. Det skal arrangerast årlege besøk av programsensorar med møte med tilsette og studentar. Alle evalueringar og rapportar skal leggjast ut i Studiekvalitetsbasen.

### *Internasjonalisering*

IF skal satse på internasjonalisering og utveksling ved å innrette seg etter UiB sin handlingsplan for internasjonal verksemd, blant anna ved å innarbeide tilrådde utvekslingsdestinasjonar og utvekslingsløp i studieprogramma, gjennom å delta i pilotprosjektet med innføringskurs i tysk for utvekslingsstudentar og betre den engelskspråklege informasjonen om studia. Instituttet skal òg leggje til rette for best mogleg integrering av innvekslingsstudentar (internasjonalisering heime).

IF vil:

- at 50 % av bachelorstudentane skal reise på utveksling

- gjera det lettare å reise på utveksling generelt og spesielt på dei faga der dette er særskilt viktig for språktreninga si skuld
- leggje til rette for utveksling for masterstudentar, også kortare reiser (feltarbeid, konferansar)
- delta i utdanningsprogram der det er faglig interesse for det og det er ressursmessig tilrådeleg, t.d. med tanke på utvikling av fellesgrader, samarbeid med Sør (EU-program, SIU-program, NORHED, etc.)

## Formidling og synleggjering

### Hovudmål

IF ønskjer å formidle og synleggjere til samfunnet utanfor Universitetet mest mogleg av kompetansen og forskinga på Instituttet. IF vil arbeide for at alle fagmiljøa tar aktivt del i samfunnsdebatten.

IF vil:

- at dei tilsette formidlar kunnskapen sin til allmenta gjennom populærvitenskapleg publisering i ulike kanalar
- styrkje og utvikle nettsidene til instituttet, forskargruppene og dei tilsette
- arbeide for at IFs tilsette får tilstrekkeleg teknisk støtte og kompetanse til å kunne presentere forskning og forskingsprosjekt på nettet
- utvikle nettsider på engelsk
- aktivt søkje profileringskanalar for verksemda, anten interne ved UiB, eller i andre lokale, nasjonale eller internasjonale mediekkanalar
- sørgje for gode informasjonsrutinar ved instituttet

## Internasjonalisering

### Hovudmål

IF er eit svært internasjonalt institutt. Forskinga, publiseringa, forskingsnettverka og undervisninga er gjennomgåande internasjonale. Instituttet vil halde fram med å styrkje sin internasjonale kvalitet.

IF vil:

- oppmuntre studentane til å gjere seg nytte av dei gode utvekslingsordningane
- leggje til rette for utanlandske studentar
- utvikle Instituttets nettsider på engelsk
- oppmuntre til internasjonal publisering og formidling av forskinga

## **Leiing, arbeidsmiljø og administrasjon**

### **Hovudmål**

Instituttet skal styrast gjennom reelle demokratiske prosessar og vera prega av ei inkluderande og respektfull haldning. Alle skal kunne fremje kritikk av styringsorgana ved instituttet. Alle må bidra til trivselen på IF gjennom respekt, råd og støtte til kollegaer.

HMS er eit leiaransvar. Instituttleiaren og administrasjonssjefen har eit særleg ansvar for at dei tilsette kjenner seg verdsette og for det psykososiale arbeidsmiljøet generelt. I denne samanhengen er medarbeidarsamtalar viktige. Ved IF skal det jamleg arrangerast instituttsamlingar og semesteravslutningar

IF vil arbeide for ein brei representasjon i instituttorgana og dessutan bruke allmenne høyringsrundar i viktige saker og prosessar.

## **Likestilling**

### **Hovudmål**

Likestilling skal integrerast i verksemda til IF på alle nivå og fagfelt.

Dette arbeidet skal byggje på UiB sin Handlingsplan for likestilling 2011–2015. Denne planen omhandlar likestilling mellom kjønna og i tillegg eit utvida likestillingsomgrep med tiltak mot alle former for diskriminering.